

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa

Om overordna del

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa er ein del av læreplanverket, og han er fastsett ved kongeleg resolusjon 1. september 2017 med heimel i opplæringslova § 1-5.

Overordna del gjeld for grunnopplæringa i Noreg. Grunnopplæringa består av grunnskole og vidaregåande opplæring. Ho omfattar dermed den opplæringa barn og ungdom får frå første klasse på barnetrinnet til og med studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, der delar av opplæringa finn stad i bedrift og arbeidsliv.

Overordna del av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Han består av denne innleiinga, attgiving av formålsparagrafen og tre kapittel: 1. Verdigrunnlaget for opplæringa, 2. Prinsipp for læring, utvikling og danning og 3. Prinsipp for praksisen i skolen.

Læreplanane for faga skildrar innhaldet i og målet med faga. Overordna del gir retning for opplæringa i fag, og alle fag bidrar til å realisere det breie formålet med opplæringa. Heile læreplanverket er grunnlaget for opplæringa, og dei ulike delane heng tett saman og må brukast saman.

Den overordna delen beskriv det grunnsynet som skal prege pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa. Han skal òg liggje til grunn for samarbeidet mellom heim og skole. Overordna del tydeleggjer ansvaret skolen og lærebedrifta har for danning og for utvikling av kompetansen til alle deltakarane i grunnopplæringa. Alle som arbeider i grunnopplæringa, må la dette grunnsynet prege planlegginga, gjennomføringa og utviklinga av opplæringa.

Hovudmålgruppa for overordna del er alle som har eit ansvar for opplæringa: lærarar, instruktørar, assistentar, skoleleiarar, skoleeigarar, andre yrkesgrupper i skolen og lærebedrifter. Den overordna delen gjeld opplæringa for elevar, lærlingar, lære kandidatatar, praksisbrevkandidatar og vaksne deltakarar i grunnskole, vidaregåande skole og vaksenopplæring. I overordna del er omgrepa «elev», «lærar» og «skole» i hovudsak nytta

om alle som deltek i opplæring, alle tilsette, alle skolar og alle lærebedrifter. Lærarutdanningane skal byggje på opplæringslova og gjeldande læreplanverk for grunnopplæringa, inkludert overordna del.

Den overordna delen har status som forskrift saman med resten av læreplanverket, og må lesast i lys av opplæringslova og anna relevant regelverk som gjeld for opplæringa i skole og lærebedrift. Til dømes må omtalen av tilpassa opplæring i kapittel 3 sjåast i samanheng med regelverket for tilpassa opplæring og spesialundervisning, elevvurdering, organisering av undervisninga og foreldresamarbeid.

Skole og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer. Opplæringa på desse arenaene byggjer på det same verdigrunnlaget og dei same prinsippa, men det må takast omsyn til at opplæring i arbeidslivet har nokre krav og rammer som er forskjellige frå opplæring i skole. Lærebedriftene har, i likskap med skolen, ansvar for at den opplæringa som blir gitt, er i samsvar med opplæringslova og læreplanverket. Trepertssamarbeidet har lang tradisjon for å utvikle fag- og yrkesopplæringa i fellesskap.

Samane i Noreg har ifølgje ILO-konvensjonen status som urfolk. Grunnlova fastset at staten skal leggje forholda til rette for at samane kan sikre og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv, noko som er følgt opp i opplæringslova. Den overordna delen gjeld òg den samiske skolen. Nemninga «den samiske skolen» er nytta om opplæring som følgjer eit samisk parallelt likeverdig læreplanverk. Det samiske læreplanverket gjeld i dei kommunane som er ein del av forvaltningsområdet for samisk språk. Det same læreplanverket gjeld for elevar som har rett til opplæring på samisk språk i landet elles. Elevar i resten av landet som har rett til opplæring i samisk språk, skal følgje det samiske læreplanverket i faget samisk. Skolen har ansvar for at desse rettane blir oppfylte.

Formålet med opplæringa

Formålsparagrafen i opplæringslova lyder slik:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding.

Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

(Opplæringslova § 1-1)

1. Verdigrunnlaget i opplæringa

Skolen skal byggje praksisen sin på verdiane i formålsparagrafen i opplæringslova.

Formålsparagrafen uttrykkjer verdier som samlar Noreg som samfunn. Verdiane er grunnlaget for demokratiet vårt og skal hjelpe oss å leve, lære og arbeide saman i ei kompleks samtid og i møte med ei ukjend framtid. Dei felles verdiane byggjer på kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei kjem òg til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og dei er forankra i menneskerettane.

Desse verdiane er grunnmuren i verksemda til skolen. Dei må gjerast levande og få betydning for kvar enkelt elev i skolefellesskapen gjennom formidling av kunnskap og utvikling av haldningar og kompetanse. Verdiane skal prege korleis skolen og lærarane møter elevane og heimane. Eleven sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. Det vil alltid vere spenningar mellom ulike interesser og syn. Lærarar må derfor bruke sitt profesjonelle skjønn slik at den enkelte blir best mogleg vareteken i møte med fellesskapen.

Den samiske skolen skal leggje til rette for at elevane får ei opplæring med basis i samiske verdier og samisk språk, kultur og samfunnsliv. Verdiane i formålsparagrafen er òg samiske verdier og gjeld i den samiske skolen. I samisk skole er det viktig å ha eit allsamisk perspektiv og eit urfolksperspektiv og å leggje vekt på materiell og immateriell kulturarv som tradisjonell kunnskap, duodji/duodje/duedtie og slekts- og familierelasjonar.

1.1 Menneskeverdet

Skolen skal sørge for at menneskeverdet og dei verdiane som støttar opp om det, blir lagt til grunn for opplæringa og heile verksemda.

Formålsparagrafen byggjer på at menneskeverdet er ukrenkjeleg, og at alle menneske er like mykje verte, uavhengig av kva som elles skil oss. Når lærarar viser omsorg for elevane og ser den enkelte, blir menneskeverdet anerkjent som ein grunnleggjande verdi for skolen og samfunnet.

Menneskerettane har sitt grunnlag i menneskeverdet og er ein viktig del av fundamentet for rettsstaten. Dei byggjer på universelle verdier som gjeld for alle uansett kven dei er, kvar dei kjem frå, og kvar dei held til. Barnekonvensjonen er ein del av menneskerettane og gir barn og unge eit særleg vern. Opplæringa må vere i samsvar med menneskerettane, samtidig som elevane skal tileigne seg kunnskap om menneskerettane.

Likeverd og likestilling er verdier som er kjempa fram gjennom historia, og som framleis må takast vare på og styrkjast. Skolen skal formidle kunnskap og fremje haldningar som sikrar desse verdiane. Alle elevar skal behandlast likeverdige, og ingen elevar skal bli utsette for diskriminering. Elevane skal òg få likeverdige moglegheiter slik at dei kan ta sjølvstendige val. Skolen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og leggje til rette for at alle får oppleve tilhøyrse i skole og samfunn. Vi kan alle oppleve at vi skil oss ut og kjenner oss annleis. Derfor er vi avhengige av at ulikskapar blir anerkjende og verdsette.

Menneske er sårbare og feilbarlege. Tilgiving, nestekjærleik og solidaritet er nødvendig for at menneske skal vekse og utvikle seg. Overtydninga og samvitte til kvar enkelt skal takast på alvor, slik at alle kan tenkje, tru og ytre seg fritt. Elevane skal sjølv bidra til å vareta menneskeverdet og reflektere over korleis dei kan hindre at det blir krenkt.

1.2 Identitet og kulturelt mangfald

Skolen skal gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at kvar elev kan vareta og utvikle identiteten sin i ein inkluderande og mangfaldig fellesskap.

Innsikt i historia og kulturen vår er viktig for at elevane utviklar identitet, og skaper tilhøyrse til samfunnet. Elevane skal lære å kjenne dei verdiane og tradisjonane som bidrar til å samle menneska i landet. Kristen og humanistisk arv og tradisjon er ein viktig del av den samla kulturarven i landet og har spelt ei sentral rolle for utviklinga av demokratiet vårt. Den samiske kulturarven er ein del av kulturarven i Noreg. Vår felles kulturarv har utvikla seg gjennom historia og skal forvaltast av nolevande og kommande generasjonar.

Felles referanserammer er viktig for at den enkelte skal kjenne tilhøyrse til samfunnet. Dette skaper samhold og forankrar identiteten til den enkelte i ein større fellesskap og i ein historisk samanheng. Ei felles ramme gir og skal gi rom for mangfald, og elevane skal få innsikt i korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og syn på livet. Dei erfaringane elevane får i møte med ulike kulturuttrykk og tradisjonar, bidrar til å forme identiteten deira. Eit godt samfunn er tufta på ein inkluderande og mangfaldig fellesskap.

Opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape meining, kommunisere og knyte band til andre. Språk gir oss tilhøyrse og kulturell bevisstheit. I Noreg er norsk og dei samiske språka sør-, lule- og nordsamisk likeverdige. Norsk omfattar dei likestilte skriftspråka bokmål og nynorsk. Norsk teiknspråk er anerkjent som eit fullverdig språk i Noreg. Kunnskap om det språklege mangfaldet i samfunnet gir alle elevar verdifull innsikt i ulike uttrykksformer, idear og tradisjonar. Alle elevar skal få erfare at det å kunne fleire språk er ein ressurs i skolen og i samfunnet.

Gjennom opplæringa skal elevane få innsikt i historia, kulturen, samfunnslivet og rettane til det samiske urfolket. Elevane skal lære om mangfald og variasjon innanfor samisk kultur og samfunnsliv.

Fem folkegrupper med hundreårlang tilknytning til Noreg har status som nasjonale minoritetar i tråd med dei internasjonale forplikningane våre: jødar, kvenar/norskfinnar, skogfinnar, rom og romanifolket/taterar. Desse folkegruppene har bidratt til å forme den norske kulturarven, og opplæringa skal gi kunnskap om desse folkegruppene.

Gjennom alle tider har det norske samfunnet blitt påverka av ulike strøymingar og kulturtradisjonar. I ei tid der befolkninga er meir samansett enn nokon gong, og der verda blir knytt tettare saman, blir språkkunnskapar og kulturforståing stadig viktigare. Skolen skal støtte utviklinga av identiteten hos den enkelte, gjere elevane trygge på eigen ståstad, samtidig som han skal formidle felles verdiar som trengst for å møte og delta i mangfaldet, og opne dører mot verda og framtida.

1.3 Kritisk tenking og etisk bevisstheit

Skolen skal bidra til at elevane blir nyfikne og stiller spørsmål, utviklar vitenskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk bevisstheit.

Opplæringa skal gi elevane ei forståing av kritisk og vitenskapleg tenking. Kritisk og vitenskapleg tenking inneber å bruke fornufta på ein undersøkjande og systematisk måte i møte med konkrete praktiske utfordringar, fenomen, ytringar og kunnskapsformer. Opplæringa skal skape ei forståing av at metodane for å undersøkje verkelegheita må tilpassast det vi ønskjer

å studere, og at val av metode påverkar det vi ser.

Om ny innsikt skal vekse fram, må etablerte idear granskast og kritiserast med teoriar, metodar, argument, erfaringar og bevis. Elevane skal kunne vurdere ulike kjelder til kunnskap og tenkje kritisk om korleis kunnskap blir utvikla. Dei skal òg kunne forstå at deira eigna erfaringar, standpunkt og overtydingar kan vere ufullstendige eller feilaktige. Kritisk refleksjon føreset kunnskap, men gir samtidig rom for usikkerheit og uføreseielegheit. Opplæringa må derfor søkje ein balanse mellom respekt for etablert kunnskap og den utforskande og kreative tenkinga som krevst for å utvikle ny kunnskap.

Etisk bevisstheit er å vege ulike omsyn mot kvarandre og er nødvendig for å vere eit reflektert og ansvarleg menneske. Opplæringa skal utvikle evna elevane har til å gjere etiske vurderingar, og gjere dei fortrulege med etiske problemstillingar.

Kritisk tenking og etisk bevisstheit er både ein føresetnad for og ein del av det å lære i mange ulike samanhengar, og bidrar til at elevane utviklar god dømmekraft. Praktisk yrkesutøving og kunstnarisk arbeid krev òg evne til å reflektere og gjere vurderingar.

1.4 Skaparglede, engasjement og utforskartrong

Skolen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsetje idear til handling.

Barn og unge er nyfikne og ønskjer å oppdage og skape. I opplæringa skal elevane få rike høve til å utvikle engasjement og utforskartrong. Evna til å stille spørsmål, utforske og eksperimentere er viktig for djupnelæring. Skolen skal respektere og dyrke fram ulike måtar å utforske og skape på. Elevane skal lære og utvikle seg gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktivitetar. For dei yngste barna i skolen er leik nødvendig for trivsel og utvikling, men òg i opplæringa som heilskap gir leik moglegheiter til kreativ og meningsfylt læring.

Kreative og skapande evner bidrar til å gjere samfunnet rikare. Samarbeid inspirerer til nytenking og entreprenørskap, slik at nye idear kan omsetjast til handling. Elevar som lærer om og gjennom skapande verksemd, utviklar evna til å uttrykkje seg på ulike måtar og til å løyse problem og stille nye spørsmål.

Kunst og kultur omfattar mange skapande og kreative fagområde, som påverkar både dei fysiske omgivnadene våre og samfunnsutviklinga. Den estetiske sansen vår blir utvikla i møte med ulike kulturelle uttrykk, og dei bidrar til å løfte fram nye perspektiv. Kunst- og kulturuttrykk har òg betydning for den personlege utviklinga hos den enkelte. Kulturelle opplevingar har ein eigenverdi, og elevane skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk

gjennom tida si i skolen.

I eit større perspektiv er skapande læringsprosessar òg ein føresetnad for danninga og identitetsutviklinga til elevane. Skolen skal verdsetje og stimulere vitelysta og skaparkrafta til elevane, og elevane skal få bruke dei skapande kreftene sine gjennom heile grunnopplæringa.

1.5 Respekt for naturen og miljøbevisstheit

Skolen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit.

Mennesket er ein del av naturen og har ansvar for å forvalte han på ein forsvarleg måte. Gjennom opplæringa skal elevane få kunnskap om og utvikle respekt for naturen. Dei skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Elevane skal utvikle bevisstheit om korleis levesettet til menneska påverkar naturen og klimaet, og dermed òg samfunna våre. Skolen skal bidra til at elevane utviklar vilje til å ta vare på miljøet.

Barn og unge skal handtere dagens og morgondagens utfordringar, og vår felles framtid er avhengig av at kommande generasjonar tek vare på kloden. Globale klimaendringar, forureining og tap av biologisk mangfald er blant dei største miljøtruslane i verda. Desse utfordringane må løysast i fellesskap. Vi treng kunnskap, etisk bevisstheit og teknologisk innovasjon for å finne løysingar og gjere nødvendige endringar i levesettet vårt for å ta vare på livet på jorda.

1.6 Demokrati og medverknad

Skolen skal gi elevane moglegheit til å medverke og til å lære kva demokrati betyr i praksis.

Opplæringa skal fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Ho skal gi elevane forståing for spelereglane i demokratiet og betydninga av å halde desse i hevd. Å delta i samfunnet inneber å respektere og slutte opp om grunnleggjande demokratiske verdiar som gjensidig respekt, toleranse, trus- og yringsfridom for den enkelte og frie val. Demokratiske verdiar må fremjast gjennom aktiv deltaking i heile opplæringsløpet.

Skolen skal fremje demokratiske verdiar og haldningar som motvekt mot fordommar og diskriminering. Skolen skal òg skape respekt for at menneske er ulike, og elevane skal lære å løyse konflikhtar på ein fredeleg måte.

Eit demokratisk samfunn kviler på at heile befolkninga har like rettar og moglegheiter til å delta i avgjerdsprosessar. Vern av mindretalet er eit avgjerande prinsipp i ein demokratisk rettsstat og eit demokratisk samfunn. Eit demokratisk samfunn vernar òg om urfolk og minoritetar. Urfolksperspektivet er ein del av demokratiopplæringa til elevane. Alle deltakarane i skolefelleskapen må utvikle bevisstheit om både minoritets- og majoritetsperspektiv og skape rom for samarbeid, dialog og meiningsbryting. Arbeidet med å dyrke mangfaldet på den eine sida og inkludere den enkelte på den andre krev eit bevisst verdisyn og utøving av profesjonelt skjønn.

Skolen skal vere ein stad der barn og unge opplever demokrati i praksis. Elevane skal erfare at dei blir lytta til i skolekvardagen, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei. Dei skal få erfaring med og praktisere ulike former for demokratisk deltaking og medverknad, både i det daglege arbeidet i faga og gjennom til dømes elevråd og andre rådsorgan. Dialogen mellom lærar og elev, og mellom skole og heim, må vere basert på gjensidig respekt. Når stemma til elevane blir høyrd i skolen, opplever dei korleis dei sjølv kan ta eigne bevisste val. Slike erfaringar har ein verdi her og no og førebur elevane på å bli ansvarlege samfunnsborgarar.

2. Prinsipp for læring, utvikling og danning

Skolen har både eit dannelsingsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe skolane til å løyse dette doble oppdraget.

Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang dannelsingsprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.

Opplæringa skal danne heile mennesket og gi kvar og ein høve til å utvikle evnene sine. Danning skjer når elevane får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn. Danning skjer òg gjennom opplevingar og praktiske utfordringar i undervisninga og skolekvardagen. Eit breitt spekter av aktivitetar, frå strukturert og målretta arbeid til spontan leik, gir elevane ein erfaringsrikdom. Elevane blir danna i møte med andre og gjennom å utfalde seg fysisk og estetisk på ein måte som fremjar rørsleglede og meistring. Danning skjer når dei arbeider på eiga hand, og når dei samarbeider med andre. Dei blir danna når dei bryner seg på teoretiske utfordringar ved hjelp av formlar og fagstoff, og når dei tek i bruk reiskapar for å meistre ei praktisk oppgåve. Danning skjer når elevane lærer korleis dei kjem fram til riktig svar, men òg når dei

forstår at det ikkje alltid finst enkle fasitsvar.

2.1 Sosial læring og utvikling

Skolen skal støtte og bidra til den sosiale læringa og utviklinga til elevane gjennom arbeid med faga og i skolekvardagen elles.

Identiteten og sjølvbiletet, meiningane og haldningane til elevane blir til i samspel med andre. Sosial læring skjer både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i regi av skolen. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring. I det daglege arbeidet spelar derfor elevane si faglege og sosiale læring og utvikling saman.

Å kunne setje seg inn i kva andre tenkjer, føler og erfarer, er grunnlaget for empati og vennskap mellom elevane. Dialog står sentralt i sosial læring, og skolen skal formidle verdien og betydninga av ein lyttande dialog for å takle motstand. I møte med elevane skal lærarane fremje kommunikasjon og samarbeid som gir elevane mot og tryggleik til å ytre eigne meiningar og til å seie ifrå på vegner av andre. Å lære å lytte til andre og samtidig argumentere for eigne syn gir elevane eit grunnlag for å handtere usemje og konflikhtar, og for å søkje løysingar i fellesskap. Alle skal lære å samarbeide, fungere saman med andre og utvikle evne til medbestemming og medansvar. Elevane og heimen har òg eit ansvar for å bidra til ein god fellesskap og eit godt miljø. Slik den enkelte eleven bidrar til fellesskapen på skolen, bidrar fellesskapen til trivsel, utvikling og læring for den enkelte.

God dømmekraft hos den enkelte er nødvendig for å vareta personvern og respekt for privatlivet. Respektlause og hatefulle ytringar skal ikkje akseptierast i skolen. Elevane må øvast i å opptre omsynsfullt og utvikle bevisstheit om eigne haldningar. Ulike kommunikasjonsformer og bruk av teknologi gjer det sosiale miljøet rikare, men utfordrar det òg. Elevane må lære seg å opptre ansvarleg i alle samanhengar i og utanfor skolen.

2.2 Kompetanse i faga

Skolen skal sjå opplæringa i fag i lys av dei verdiane og prinsippa som heile opplæringa byggjer på.

Fagleg læring er ein sentral del av både dannelsings- og utdanningsoppdraget til grunnopplæringa. Faglæreplanane fastslår innhaldet i dei ulike faga og byggjer på følgjande definisjon av kompetanse:

Kompetanse er å kunne tileigne seg og nytte kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.

Forståing av kompetanseomgrepet må liggje til grunn for skolen sitt arbeid med læreplanar og vurderinga av den faglege kompetansen til elevane. Kompetansemåla i faga må sjåast i samheng med kvarandre i og på tvers av fag. Kompetansemåla må òg forståast i lys av formålsparagrafen og dei andre delane av læreplanverket.

Kunnskap inneber å kjenne til og forstå fakta, omgrep, teoriar, idear og samanhengar innanfor ulike fagområde og tema. Ferdigheiter er å meistre handlingar eller prosedyrar for å utføre oppgåver eller løyse problem og omfattar blant anna motoriske, praktiske, kognitive, sosiale, kreative og språklege ferdigheiter. Kompetanseomgrepet omfattar òg forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking i fag, noko som er viktig for å forstå teoretiske resonnement og for å utføre noko praktisk. Refleksjon og kritisk tenking heng saman med utvikling av haldningar og etisk vurderingsevne.

Skolen skal gi rom for djupnelæring slik at elevane utviklar forståing av sentrale element og samanhengar innanfor eit fag, og slik at dei lærer å bruke faglege kunnskapar og ferdigheiter i kjende og ukjende samanhengar. I arbeidet med faga skal elevane møte oppgåver og delta i varierte aktivitetar av stadig aukande kompleksitet. Djupnelæring i fag inneber å nytte kunnskapar og ferdigheiter på ulike måtar, slik at elevane over tid kan meistre ulike typar faglege utfordringar individuelt og i samspel med andre.

Lærarar og leiarar i skolen må jamleg reflektere over samanhengen mellom opplæringa i fag og dei overordna måla, verdiane og prinsippa for opplæringa.

2.3 Grunnleggjande ferdigheiter

Skolen skal leggje til rette for og støtte elevane si utvikling av dei fem grunnleggjande ferdigheitene gjennom heile opplæringsløpet.

Læreplanverket definerer fem grunnleggjande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Desse ferdigheitene er del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskapar for læring og fagleg forståing. Dei er òg viktige for utviklinga av identitet og sosiale relasjonar hos elevane og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Utvikling av dei grunnleggjande ferdigheitene har betydning gjennom heile opplæringsløpet. Det går til dømes ei samanhengande linje frå den første lese- og skriveopplæringa til det å kunne lese avanserte faglege tekstar.

I undervisninga må dei grunnleggjande ferdigheitene sjåast både i samanheng med kvarandre og på tvers av fag. Dei grunnleggjande ferdigheitene høyrer heime i alle fag, men faga spelar ulike roller i utviklinga av dei ulike ferdigheitene. Enkelte fag vil ha eit større ansvar enn andre. Utvikling av fagleg kompetanse skal derfor skje i samspel med utviklinga av grunnleggjande ferdigheiter i faget slik det er beskrevet i læreplanane for faga. Lærarar i alle fag skal støtte elevane i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter.

2.4 Å lære å lære

Skolen skal bidra til at elevane reflekterer over si eiga læring, forstår sine eigne læringsprosessar og tileignar seg kunnskap på sjølvstendig vis.

Når elevane forstår sine eigne læringsprosessar og den faglege utviklinga si, bidrar det til sjølvstende og meistringskjensle. Opplæringa skal fremje motivasjonen, haldningane og læringsstrategiane til elevane og leggje grunnlaget for læring heile livet. Det krev at lærarane følgjer utviklinga til elevane tett og gir dei støtte tilpassa alderen, modenskaps- og funksjonsnivået deira.

Ved å reflektere over eiga og andre si læring kan elevar litt etter litt utvikle bevisstheit om eigne læringsprosessar. Elevar som lærer å formulere spørsmål, søkje svar og uttrykkje forståinga si på ulike måtar, vil gradvis kunne ta ei aktiv rolle i eiga læring og utvikling. Gjennom arbeid med faglege utfordringar vil elevane få kunnskap om korleis dei lærer og utviklar seg i faget. Elevane utviklar djupare innsikt når dei ser samanhengar mellom kunnskapsområde, og når dei meistrar eit mangfald av strategiar for å tileigne seg, dele og vere kritiske til kunnskap.

Trass i eigeninnsats og bruk av læringsstrategiar vil enkelte elevar ha utfordringar med å lære. Årsakene er ofte mange og samansette. Ambisjonen om å utvikle evna til livslang læring hos alle elevar krev derfor ei brei tilnærming frå skolen.

2.5 Tverrfaglege tema

Skolen skal leggje til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling.

Dei tre tverrfaglege temaa i læreplanverket tek utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar

som krev engasjement og innsats frå enkeltmenneske og fellesskapen i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt. Elevane utviklar kompetanse knytt til dei tverrfaglege temaa gjennom arbeid med problemstillingar frå ulike fag. Elevane skal få innsikt i utfordringar og dilemma innanfor temaa. Dei skal forstå korleis vi gjennom kunnskap og samarbeid kan finne løysingar, og dei skal lære om samanhengar mellom handlingar og konsekvensar.

Kunnskapsgrunnlaget for å finne løysingar på problem innanfor temaa finst i mange fag, og temaa skal bidra til at elevane oppnår forståing og ser samanhengar på tvers av fag. Måla for kva elevane skal lære innanfor temaa, er uttrykte i kompetansemål for fag der det er relevant.

2.5.1 Folkehelse og livsmeistring

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skolen skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir høve til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Eit samfunn som legg til rette for gode helseval hos den enkelte, har stor betydning for folkehelsa. Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Temaet skal bidra til at elevane lærer å handtere medgang og motgang og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte.

Aktuelle område innanfor temaet er fysisk og psykisk helse, levevanar, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk, og forbruk og personleg økonomi. Verdival og betydninga av meining i livet, mellommenneskelege relasjonar, å kunne setje grenser og respektere andre sine, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar høyrer òg heime under dette temaet.

2.5.2 Demokrati og medborgarskap

Demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i skolen skal gi elevane kunnskap om føresetnadene for, verdiane til og spelereglane i demokratiet, og gjere dei i stand til å delta i demokratiske prosessar. Opplæringa skal gi elevane forståing for samanhengen mellom demokrati og sentrale menneskerettar som ytringsfridom, stemmerett og organisasjonsfridom. Dei skal få innsikt i at demokratiet har ulike former og uttrykk.

Gjennom arbeid med temaet demokrati og medborgarskap skal elevane forstå samanhengen mellom rettane og pliktene til individet. Individet har rett til å delta i politisk arbeid, samtidig som samfunnet er avhengig av at borgarane bruker rettane til politisk deltaking og utforming av det sivile samfunnet. Skolen skal stimulere elevane til å bli aktive

medborgarar og gi dei kompetanse til å delta i vidareutviklinga av demokratiet i Noreg.

Opplæringa skal gi elevane kunnskapar og ferdigheiter til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp. Dei skal forstå dilemma som ligg i å anerkjenne både retten til fleirtalet og rettane til mindretalet. Dei skal øve opp evna til å tenkje kritisk, lære seg å handtere meiningsbrytingar og respektere usemje. Gjennom arbeidet med temaet skal elevane lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og haldast ved like.

2.5.3 Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skolen skal leggje til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje moglegheitene framtidige generasjonar har til å dekkje sine behov. Ei berekraftig utvikling byggjer på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levesettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den enkelte betyr noko. Temaet rommar problemstillingar knytte til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikhtar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Elevane skal lære om samanhengen mellom dei ulike aspekta ved berekraftig utvikling.

Teknologi har betydeleg innverknad på menneske, miljø og samfunn. Teknologisk kompetanse og kunnskap om samanhengen mellom teknologi og dei sosiale, økonomiske og miljømessige sidene ved berekraftig utvikling står derfor sentralt i dette temaet. Teknologiuutvikling kan bidra til å løyse problem, men kan òg skape nye. Kunnskap om teknologi inneber ei forståing av kva for dilemma som kan oppstå ved bruk av teknologi, og korleis desse kan handterast.

3. Prinsipp for praksisen i skolen

Skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. For å lykkast med dette må skolen byggje eit godt læringsmiljø og tilpasse undervisninga i samarbeid med elevane og heimane. Det krev ein profesjonsfellesskap som engasjerer seg i skolen si utvikling.

3.1 Eit inkluderande læringsmiljø

Skolen skal utvikle inkluderande fellesskapar som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Kjenner elevane seg utrygge, kan det hemme læringa. Trygge læringsmiljø blir utvikla og haldne ved lag av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane. Dei tilsette på skolen, foreldre og føresette og elevane har saman ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebyggje mobbing og krenkingar. I arbeidet med å utvikle eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø skal mangfald anerkjennast som ein ressurs.

Elevmedverknad må prege praksisen i skolen. Elevane skal både medverke og ta medansvar i læringsfellesskapen som dei skaper saman med lærarane kvar dag. Elevar tenkjer, erfarer og lærer i samspel med andre gjennom læringsprosessar, kommunikasjon og samarbeid. Skolen skal lære elevane å utvise dømmekraft når dei ytrar seg om andre, og sørge for at dei lærer å samhandle på forsvarleg vis i ulike samanhengar.

Dei normene og verdiane som pregar læringsfellesskapen, har stor betydning for den sosiale utviklinga til elevane. Vennskap skaper tilhøyrslø og gjer oss alle mindre sårbare. Når vi sjølv opplever å bli anerkjend og vist tillit, lærer vi å verdsetje både oss sjølv og andre. Elevane skal lære å respektere ulikskap og forstå at alle har ein plass i fellesskapen. Kvar elev har ei historie med seg, og dei har håp og ambisjonar for framtida. Når barn og unge møter respekt og anerkjening i opplæringa, bidrar dette til ei oppleving av tilhøyrslø.

Ved å bruke varierte læringsarenaer kan skolen gi elevane praktiske og livsnære erfaringar som fremjar motivasjon og innsikt. Engasjementet til lokalmiljøet og samfunnet kan bidra positivt til utviklinga til skolen og elevane. Ulike former for lokalt, nasjonalt og internasjonalt samarbeid forankrar elevane si læring i aktuelle spørsmål.

Kunnskapsutveksling med menneske i alle aldrar og frå ulike stader i verda gir elevane perspektiv på eiga læring, danning og eigen identitet og viser verdien av samarbeid på tvers av språklege, politiske og kulturelle grenser.

3.2 Undervisning og tilpassa opplæring

Skolen skal leggje til rette for læring for alle elevar og stimulere motivasjonen, lærelysta og trua på eiga

meistring hos den enkelte.

Læringa og utviklinga til elevane skal stå i sentrum for skoleverksemda. Elevane møter skolen med ulike erfaringar, forkunnskapar, haldningar og behov. Skolen må gi alle elevar likeverdige moglegheiter til læring og utvikling, uavhengig av føresetnadene deira. God klasseleiing byggjer på innsikt i behova til elevane, varme relasjonar og profesjonell dømmekraft. For å skape motivasjon og læreglede i undervisninga trengst eit breitt repertoar av læringsaktivitetar og -ressursar innanfor føreseielege rammer.

Forventninga skolen har til kvar enkelt elev om innsats og meistring, påverkar læring og tru på eigne evner og moglegheiter. Det er derfor avgjerande at skolen møter alle elevar med ambisiøse, men realistiske forventningar, og at lærarar utviser eit profesjonelt skjøn når dei vurderer læringa til elevane.

Elevane skal få tid til å utforske djupna i ulike fagområde. Å gi rom for djupnelæring føreset at skolen tek omsyn til at elevane er ulike og lærer i ulikt tempo og med ulik progresjon. Det krev kunnskap om korleis elevar lærer, kva dei kan frå før, og føreset tett oppfølging av den enkelte. Elevar som opplever meistring, blir motiverte til å bli meir uthaldande og sjølvstendige. Prøving og feiling kan vere ei kjelde til læring og erkjenning, og elevane skal bli oppfordra til å prøve seg òg når det er usikkert om dei vil lykkast. Det er skolen si oppgåve å gi elevane tryggleik til å krysse grenser og prøve noko vanskeleg.

Vurderinga av den faglege kompetansen til elevane skal gi eit bilete av kva elevane kan, men eit sentralt formål med vurderinga er òg å fremje læring og utvikling. Kartlegging og observasjon av elevane er verkemiddel for å følgje opp den enkelte og for utvikling av praksisen i skolen. Det har likevel liten verdi dersom det ikkje blir følgt opp med konstruktive tiltak. Skolen og lærarane må balansere behovet for god informasjon om læringa til elevane og uønskte konsekvensar av ulike vurderingssituasjonar. Uheldig bruk av vurdering kan svekkje sjølvbiletet til den enkelte og hindre utvikling av eit godt læringsmiljø.

Tilpassa opplæring er tilrettelegging som skolen gjer for å sikre at alle elevar får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Skolen skal blant anna tilpasse opplæringa gjennom arbeidsformer og pedagogiske metodar, bruk av læremiddel, organisering, og i arbeidet med læringsmiljøet, læreplanar og vurdering. Lærarane må bruke eit godt fagleg skjøn i arbeidet med å tilpasse opplæringa.

God vurdering, der forventningane er tydelege og eleven deltek og blir høyrd undervegs i læringsarbeidet, er ein nøkkel til å tilpasse undervisninga. Lærarane skal i undervisninga si støtte og rettleie elevane til å kunne setje seg mål, velje eigna framgangsmåtar og vurdere si eiga utvikling. Skolen må planleggje for ein god samanheng i læringa til elevane i dei ulike faga og for at opplæringa blir opplevd som både overkommeleg og tilstrekkeleg utfordrande.

Tilpassa opplæring gjeld alle elevar og skal i størst mogleg grad skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapen. Elevar som har behov for tilrettelegging utover det ordinære tilbodet, har krav på spesialundervisning. Elevar kan streve, og det kan oppstå ulike problem med å lære gjennom heile opplæringsløpet.

Lærarane kan få god støtte frå andre yrkesgrupper både til å avdekkje utfordringar og til å gi elevane den hjelpa dei treng. Det kan vere avgjerande for utviklinga til eleven at tiltak blir sette inn så raskt som mogleg når utfordringane blir oppdaga.

3.3 Samarbeid mellom heim og skole

Opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen, og samarbeidet skal bidra til å styrkje læringa og utviklinga til elevane.

God kommunikasjon mellom heim og skole bidrar positivt til skolen sitt arbeid med læringsmiljøet og til oppvekstmiljøet til elevane. Foreldre og føresette har hovudansvaret for oppdraginga av og utviklinga til barnet. Dei er dei viktigaste omsorgspersonane for barna og ungdommane og har kunnskap som skolen kan bruke for å støtte danninga, læringa og utviklinga til eleven. Skolen har det overordna ansvaret for å ta initiativet til og leggje til rette for samarbeid. Dette inneber å sørge for at foreldre og føresette får nødvendig informasjon, og for at dei får høve til å påverke skolekvardagen til barna sine.

Haldninga til skole i heimen er særskild viktig for engasjementet og skoleinnsatsen til elevane. Foreldre og føresette møter skolen med ulike behov, forventningar og meiningar om målet med skolen og praksisen i skolen. Det kan skape spenningar som kan vere krevjande for skolen å handtere. Skolen må gi tydeleg uttrykk for kva han skal og kan tilby, og kva som er forventa av heimen. God og tillitsfull dialog er eit gjensidig ansvar. Skolen må likevel ta omsyn til at ikkje alle elevar har same høve til å få hjelp og støtte i heimen.

3.4 Opplæring i lærebedrift og arbeidsliv

Opplæring i lærebedrift og arbeidsliv skal gi praktisk erfaring og relevant kompetanse og førebu på dei faglege krava og forventningane som blir stilte i arbeidslivet.

Opplæring i lærebedrift er ein del av opplæringsløpet til lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar. I tillegg vil mange elevar i løpet av grunnopplæringa få delar av opplæringa i arbeidslivet. Fag- og yrkesopplæringa skal danne og utdanne dyktige, kunnskapsrike, kreative og nyskapande fagarbeidarar. Arbeidslivet er mangfaldig og gir verdifulle erfaringar. Lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar skal oppleve og ta del i tradisjonane, verdiane og kulturen i lærebedrifta og i faget.

Elevar, lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidat møter arbeidslivet med ulike læreføresetnader og behov. Eit godt samarbeid mellom skole og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire skal kunne ta aktivt del i eiga opplæring og opparbeide tilhøyrse til arbeidsliv og samfunnsliv. Samarbeid skaper òg gjensidig forståing og fremjar målet med opplæringa om å førebu den enkelte på eit framtidig yrkesliv.

3.5 Profesjonsfellesskap og skoleutvikling

Skolen skal vere ein profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin.

Skolen som samfunnsinstitusjon er forplikta til å byggje på og praktisere verdiane og prinsippa for grunnopplæringa. Skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar har ut frå sine ulike roller eit felles ansvar for å leggje til rette for god utvikling i skolen. Dei må saman sørgje for at praksisen i skolen er i samsvar med heile læreplanverket. Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og skole, dei ulike nivåa i opplæringsløpet og mellom skole og heim bidrar til å lette overgangen mellom trinna.

Ein lærar er ein rollemodell som skal skape tryggleik og rettleie elevane på ferda deira gjennom opplæringa. Læraren er avgjerande for eit læringsmiljø som motiverer og bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Det krev at læraren viser omsorg for kvar enkelt elev. Det inneber òg å hjelpe elevar som tek uheldige val, ikkje kjenner seg inkluderte eller som strevar med å lære det som er ønskt og forventa. Ved å arbeide for samhald og tilhøyrse blant elevane skal læraren bidra til å utvikle ein kultur for læring og gi elevane fagleg og emosjonell støtte.

Læreprofesjonen byggjer profesjonsutøvinga si på felles verdiar og eit felles forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag. Profesjonen og den enkelte læraren forvaltar eit ansvar for å utøve skjønn i komplekse spørsmål. Lærarar og leiarar utviklar fagleg, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollegaer. Utøving og utvikling av det profesjonelle skjønnnet skjer både individuelt og saman med andre. Fagleg dømmekraft føreset òg jamleg oppdatering. Lærarprofesjonen må derfor vurdere den pedagogiske praksisen sin for å møte enkeltelevar og elevgrupper best mogleg.

Kompliserte pedagogiske spørsmål har sjeldan sikre svar. Dei tilsette i skolen må derfor ha aksept og rom for å bruke vurderingsevna si i yrkesutøvinga. Lærarar må tenkje nøye over kva, korleis og kvifor elevane lærer, og korleis dei best mogleg kan leie og støtte læringa, utviklinga og danninga til elevane. Lærarar som i fellesskap reflekterer over og vurderer planlegging og gjennomføring av undervisninga, utviklar ei rikare forståing av god pedagogisk praksis. Dette må gjerast med utgangspunkt i både kunnskapsgrunnlaget til profesjonen og verdigrunnlaget i grunnopplæringa.

Det profesjonelle samarbeidet ved skolane føreset god leiing. God skoleleiing føreset igjen leiingsfagleg legitimitet og god forståing av pedagogiske og andre utfordringar lærarane og andre tilsette står overfor. God leiing prioriterer utvikling av samarbeid og relasjonar for å byggje tillit i organisasjonen. Skoleleiinga skal gi retning for og leggje til rette for elevane og lærarane si læring og utvikling. Skoleleiinga skal leie det pedagogiske og faglege samarbeidet mellom lærarane og bidra til å utvikle eit stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste. Det er skoleleiinga si oppgåve å leie slik at alle får brukt dei sterke sidene sine, opplever meistring og utviklar seg.

God skoleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar og ein profesjonsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen i skolen bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Alle tilsette i skolen må ta aktivt del i den profesjonelle læringsfellesskapen for å vidareutvikle skolen. Det inneber at fellesskapen reflekterer over verdival og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak. Velutvikla strukturar for samarbeid, støtte og rettleiing mellom kollegaer og på tvers av skolar fremjar ein delings- og læringskultur.

Det er gjennom det daglege møtet mellom elevar og lærarar at det breie formålet med skolen blir realisert. Lærarar vil i konkrete opplæringssituasjonar oppleve spenningar mellom ulike formål og verdier. Dei må heile tida gjere krevjande avvegingar mellom omsynet til den enkelte eleven og omsynet til fellesskapen, mellom å støtte og stille krav, mellom skolekvardagen her og no og arbeidet med å førebu for framtida. Alle elevar er ulike, og kva som er eleven sitt beste, er eit kjernes spørsmål i all opplæring. Dette spørsmålet må alle som jobbar i skolen, svare på på nytt kvar dag.